



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 26.08.2019
Møtested: Sosialrommet, Turbinen
Møtetid: 16:00 - 17:00 – eller rett i etterkant av formannskapsmøtet

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
05/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
06/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
07/2019	PRAKTISERING AV HA DEL B § 3-6
08/2019	NY ARBEIDSGJEVARPOLITIKK - INNSPEL FRÅ FAGFORBUNDET

19. august 2019

Eirik Haga
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2019	Administrasjonsutvalet	PS	26.08.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	19/757

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2019	Administrasjonsutvalet	PS	26.08.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	19/757

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 11.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 11.06.2019
Møtestad: Turbinen, Sosialrommet
Møtetid: 16:00 - 17:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Utvalsleiar
Sigmund Simmenes	SP	Nestleiar
Heidi Rongved	AP	Arbeidsgjevarrepr.
Anne Christin Eide	AP	Arbeidsgjevarrepr.
Bjørn Roald	H	Arbeidsgjevarrepr.
Kjartan Haugsnes	SV	Arbeidsgjevarrepr.
Lillian Seim		Arbeidstakarrepr.
Thor Andersen		Arbeidstakarrepr.
Appia Paul Mkoba		Arbeidstakarrepr.

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Arne Normann – permisjon frå kl 1620	KRF	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Arne Normann, KRF

Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2019	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2020 -2023 - TIL UTTALE
04/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR



01/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 11.06.2019

Behandling:

Arne Normann fekk permisjon frå kl 1620

- Thor Andersen etterlyste vedtak om at administrasjonsutvalget skal publiserast på Innsyn. Dette blir tatt tak i og vert gjort frå no av.
- Heidi Rongved etterlyste sak om velferdspermisjonar.
- Thor Andersen har meld inn 2 saker frå Fagforbundet som ikkje er kome på sakslista. Rådmannen opplyste om at desse vert å ta opp i første møte til hausten i samband med revisjon av arbeidsgjevarpolitikken. Neste møte i ADMU vert den 26.08.2019 (i forlenginga av formannskapsmøtet same dag).

Samrøystes vedtak med innspela som kom fram i møtet.

ADM - sak 01/2019 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent med innspela som kom fram i møtet.

02/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Administrasjonsutvalet 11.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

ADM - sak 02/2019 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



03/2019: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2020 -2023 - TIL UTTALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet gjev slik uttale:

Administrasjonsutvalet 11.06.2019

Behandling:

Framlegg til uttale frå Eirik Haga:

Administrasjonsutvalet tek økonomiplanen til orientering. Administrasjonsutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med heiltidskultur, årsturnus og vikarordning samt utarbeiding av ny arbeidsgjevarpolitikk.

Røysting:

Framlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 03/2019 Vedtak:

Administrasjonsutvalet tek økonomiplanen til orientering. Administrasjonsutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med heiltidskultur, årsturnus og vikarordning samt utarbeiding av ny arbeidsgjevarpolitikk.

04/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Administrasjonsutvalet 11.06.2019

Behandling:

2 saker var meldt inn av Fagforbundet. Administrasjonsutvalet vil få desse sakene opp til behandling i første møte til hausten i samband med revisjon av arbeidsgjevarpolitikken. Neste møte i ADMU vert den 26.08.2019 (i forlenginga av formannskapsmøtet same dag).

Thor Andersen og Lillian Seim gjorde greie for bakgrunnen for sakene.

ADM - sak 04/2019 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2019	Administrasjonsutvalet	PS	26.08.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-033	19/932

PRAKTISERING AV HA DEL B § 3-6

Vedlegg:

Saker til administrasjonsutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Saksopplysningar:

Fagforbundet har i epost 22.mai til ordførar bedt om sak om arbeidsgjevar sin praktisering av HA del B § 3-6 til behandling i administrasjonsutvalet.

HA del B § 3-6 Tillitsvalgtopplæring

«Tillitsvalgte har rett til opplæring som har betydning for deres funksjon som tillitsvalgt.

Forholdene skal legges til rette slik at det tas hensyn til

arbeidstakerorganisasjonens/forhandlings sammenslutningens og den enkelte tillitsvalgte behov for opplæring.

Ved slik opplæring gis det permisjon med hel eller delvis lønn. For hovedtillitsvalgt/fellestillitsvalgt gis permisjon med full lønn. Med lønn menes i denne forbindelse ordinær lønn, faste årsbeløp og variable tillegg etter oppsatt turnusplan.

Den tillitsvalgte har rette og plikt til å delta i den generelle opplæringen som finner sted for vedkommende yrkesgruppe i kommunen»

KS sin rettleiar til hovudavtalen:

KS har utgitt en veileder til HA. I forhold til HA del B § 3-6 sier veilederen:

- Formålet med opplæring er å sette den tillitsvalgte i bedre stand til å skjøtte vervet som tillitsvalgt. Det skal ta hensyn til organisasjonens og den enkelte tillitsvalgtes behov for opplæring
- Tillitsvalgte har rett til opplæring i temaer av betydning for deres funksjon som tillitsvalgt. Arbeidsgiver skal legge forholdene til rette for at slik opplæring skal kunne gjennomføres, og tillitsvalgte bør derfor ha en dialog med arbeidsgiver om dette.
- Hvis det er høyt sykefravær på arbeidsplassen eller andre ekstraordinære situasjoner som

gjør at tillitsvalgte sitt fravær medfører vesentlig ulempe for arbeidets gang bør permisjon gis på annet tidspunkt slik at forsvarlig drift kan sikres

- *Tillitsvalgte gis permisjon med hel eller delvis lønn. Hovedtillitsvalgte gis permisjon med full lønn. De sentrale parter er enige om at det som hovedregel også gis permisjon med full lønn til tillitsvalgte som deltar i tillitsvalgtopplæring som hovedavtale, hovedtariffavtale og tilknyttede særavtaler.*

Praktisering i Vaksdal kommune :

- Lova vert praktisert for dei som er tillitsvalde etter HA del B §§2-2, 2-3 og 2-4, dvs. hovudtillitsvald, fellestillitsvald og plasstillitsvald.
- Hovudtillitsvald for Fagforbundet er frikjøpt 100 % og avgjer sjølv kva opplæring ho deltar på.
- Andre hovudtillitsvalde får fri med full løn når dei får permisjon etter HA del B § 3-6
- Alle hovudtillitsvalde og plasstillitsvalde får fri med full lønn til følgande opplæring:
 - Tillitsvaldopplæring fase 1
 - Tillitsvaldopplæring fase 2
 - Opplæring i Hovudavtale, tariffavtale og tilknyttede særavtaler
 - Anna opplæring der leiar og den einskilde tillitsvald blir samde om at det er behov for eller ein vil ha god nytte av.
- Plasstillitsvalde får i enkelte tilfeller innvilga permisjon med delvis lønn etter HA § 3-6. I slike tilfelle betaler arbeidsgjevar full løn til den tillitsvalde og søkjer i etterkant refusjon for delar av løna frå den tillitsvalde sitt forbund. Dette gjeld anna opplæring enn det som er nevnt i punktet over. Eksemplar på dette kan vera kurs i meir almenne eller fagspesifikke tema som sjukefråver, konflikthåndtering, ulike fagkurs mm. I slike tilfelle vert søknaden sett i samanheng med behovet til den enkelte plasstillitsvald, samt kor hyppig den tillitsvalde har vore på opplæring i det siste.
- Utvida rett til permisjon for tillitsvalde i Vaksdal kommune
I samsvar med vedtak i kommunestyret og administrasjonsutvalet skal tillitsvalde innvilgast permisjon sjølv om ein ikkje har krav på permisjon etter hovudavtalen eller anna lov og avtaleverk. I slike tilfeller skal arbeidsgjevar betale løn, feriepenger og pensjon for den tillitsvalde og kreve refusjon frå fagforeninga i etterkant. Situasjonen på arbeidsplassen vert ikkje tillagt vekt i slike situasjonar jf vedtak. Dette har i enkelte høve vore ei utfordring for arbeidsplassen, særleg i barnehagene.

Oversyn permisjon registrert i systemet i perioden 1.1 – 31.05.19

- Det er innvilga 53 dagar permisjon med løn for tillitsvalde i denne perioden
- Det er innvilga 17 dagar permisjon utan løn/delvis løn for tillitsvalde i denne perioden.
 - Herav 8 dagar for ein tilsett og 3 dagar for ein anna tilsett for deltaking som ikke gir rett til permisjon med løn etter HA. Her nytta permisjon etter kommunestyrevedtak og ordninga med refusjon fra fagforeninga
 - Ein plasstillitsvald har fått 5 dagar permisjon utan løn/delvis løn for deltaking i kurs for ungdomskontakt og anna kurs. Denne personen hadde nyleg hatt permisjon med løn til 14 dagarskurs i fase 2.
 - 1 plasstillitsvald har fått 1 dag med permisjon utan løn/delvis løn. Denne tillitsvalde hadde få dager i forkant vore på 2 dagars fase 1 opplæring og hatt permisjon med løn.

Det vert arbeidd med å få alle permisjonar registrert riktig i systemet slik at ein framover får god oversyn over bruken og kan rapportere tala.

Fra: Thor Andersen <Thor.Andersen@vaksdal.kommune.no>

Dato: 22. mai 2019 kl. 14:44:13 CEST

Til: Eirik Haga <Eirik.Haga@vaksdal.kommune.no>

Kopi: Fagforbundet Vaksdal <Fagforbundet@vaksdal.kommune.no>

Emne: Administrasjonsutvalget

Til ordfører i Vaksdal Eirik Haga

Vaksdal kommune Administrasjonsutvalget

Innspill på saker som ønskes drøftet i førstkomende møte i Administrasjonsutvalget 11. juni 2019

Fagforbundet Vaksdal ønsker følgende saker satt på saklisten til overnemte møte.

- Vaksdal kommune som arbeidsgivers praktisering av HA del B § 3-6.
- Vaksdal Kommune skal i 2020 revidera Arbeidsgjevpolitikken. Fagforbundet ser eit stort behov for å få betre presiseringar på samhandling mellom leiar og tilsett, då dei fleste leiara med personalansvar i dag ikkje har jamnleg kontakt med dei tilsette. Fagforbundet ser også med uro på ulikheter i lønnspolitikken som blir praktisert.

Fagforbundet ber om at det gjerres plass for disse 2 sakene. Får ordføreren satt disse opp?

Fagforbundet redegjør gjerne med tilleggsopplysninger i saksforberedelsen.

Med hilsen

Thor Andersen

leder Fagforbundet Vaksdal



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2019	Administrasjonsutvalet	PS	26.08.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-033	19/932

NY ARBEIDSGJEVARPOLITIKK - INNSPEL FRÅ FAGFORBUNDET

Vedlegg:

Saker til administrasjonsutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innspela frå Fagforbundet vert tatt med i det vidare arbeidet med arbeidsgjevarpolitikken og lønspolitisk plan.

Saksopplysningar:

Fagforbundet har i epost 22.mai til ordførar bedt om at sak vedkomande revisjon av arbeidsgjevarpolitikken kjem til behandling i administrasjonsutvalet.

Arbeidsgjevarpolitikken går snart ut og ny er under arbeid. Overdna mål og strategiar er vedtatt. Grunna skifte av rådmann vart arbeidet noko utsatt, det er naturleg at ny rådmann leiar arbeidet med ny arbeidsgjevarplattform. Arbeidet vil pågå denne hausten. Etter avtale med ordførar er sak om arbeidsgjevarpolitikken sett opp på administrasjonsutvalet sitt møte 25. november. Nytt kommunestyre vil få Arbeidsgjevarpolitikk 2020 - 2030 til behandling i sitt første år.

Fagforbundet har innspel til tema som bør med i revisjon av arbeidspolitikken og desse vert tatt med i arbeidet vidare. Det første tema er knytt til leiarskap og samhandling mellom leiar og tilsette.

I gjeldande arbeidsgjevarpolitikk er det tydelege krav og forventningar til leiarskap, så også til medarbeidarskap. I vedtatte mål og strategiar for ny arbeidsgjevarpolitikk er dette også sentralt.

I ein stor organisasjon med kring 450 medarbeidarar er det naturleg med leiarar på ulike nivå. Det er eit mål at kvar leiar ikkje skal ha for mange å leie slik at det ikkje vert for stor avstand mellom leiar og tilsett . I enkelte avdelingar er leiarskapet supplert med gruppe/driftsleiarar som har eit dagleg ansvar for drift og personell medan avdelingsleiar har det totale leiarskapet inkludert fullt personalansvar. Dette er ein vanleg måte å organisere leiaransvaret i større og/eller oppdelte avdelingar. Om ein opplever utfordringar eller ar innspel er det relevant å diskutere dette i faste Htv-møte med rådmann eller i møte med HR-leiar. Kommunen har redusert talet på leiarar i seinare år og det er viktig å følgje med og evaluere korleis dette fungerer med tanke på oppfølging

av personalet.

Det andre innspelet frå Fagforbundet gjeld lønspolitikken.

Lønspolitisk plan er gjeldande og revideres ved endringar i nasjonale oppgjer mellom partane. I lokale lønsforhandlingar og ved lønsfastsetting vert denne lagt til grunn.

Korrigerings av oppståtte «skeivheit» er eit av hovudformåla ved lokale forhandlingar. Ulikheit kan oppstå til dømes etter sentrale forhandlingar, nyttilsettingar eller ved særlege forhold på arbeidsplassen. Det har vore lite bruk av lokal pott i sentraloppgjera i dei seinare åra. I neste hovudoppgjer er deler av potten sett av til lokale forhandlingar.

Når ny arbeidsgjevarpolitikk er vedtatt vil det vera naturleg å revidera overordna kompetanseplan og lønspolitisk plan.

Hovudtillitsvalde frå dei lokale fagorganisasjonane vert invitert til å medverke i prosessen med å utarbeide ny arbeidsgjevarpolitikk, overordna kompetanseplan og lønspolitisk plan. Så langt i arbeidet har dei hovudtilsette deltatt i arbeidsgruppa i tillegg til diskusjonar og drøftingar i Htv-møte (kontaktforum) og andre fora der arbeidsgjevarpolitikk har vore tema.

Fra: Thor Andersen <Thor.Andersen@vaksdal.kommune.no>

Dato: 22. mai 2019 kl. 14:44:13 CEST

Til: Eirik Haga <Eirik.Haga@vaksdal.kommune.no>

Kopi: Fagforbundet Vaksdal <Fagforbundet@vaksdal.kommune.no>

Emne: Administrasjonsutvalget

Til ordfører i Vaksdal Eirik Haga

Vaksdal kommune Administrasjonsutvalget

Innspill på saker som ønskes drøftet i førstkomende møte i Administrasjonsutvalget 11. juni 2019

Fagforbundet Vaksdal ønsker følgende saker satt på saklisten til overnemte møte.

- Vaksdal kommune som arbeidsgivers praktisering av HA del B § 3-6.
- Vaksdal Kommune skal i 2020 revidera Arbeidsgjevpolitikken. Fagforbundet ser eit stort behov for å få betre presiseringar på samhandling mellom leiar og tilsett, då dei fleste leiara med personalansvar i dag ikkje har jamnleg kontakt med dei tilsette. Fagforbundet ser også med uro på ulikheter i lønnspolitikken som blir praktisert.

Fagforbundet ber om at det gjerres plass for disse 2 sakene. Får ordføreren satt disse opp?

Fagforbundet redegjør gjerne med tilleggsopplysninger i saksforberedelsen.

Med hilsen

Thor Andersen

leder Fagforbundet Vaksdal